



Tysnes Sparebank
– lokalbanken din –

KVARTALS- RAPPORT 2018 3. kvartal

VERDISKAPANDE
ENGASJERT
TILGJENGELEG

3. Kvartalsrapport

Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova av 1998, forskrift om årsrekneskap for bankar kapittel 9 om delårsrekneskap samt god rekneskapsskikk. Det er utført avgrensa revisjon for kvartalsrekneskapen for 3. kvartal 2018, og resultat etter skatt for perioden er inkludert i kapitaldekningen per 3. kvartal.

Resultat

Bankens resultat før skatt er på 22,8 millionar kroner, 6 millionar betre enn tredje kvartal 2017. Resultat etter skatt tilsvarar ei årleg eigenkapitalavkastning på 9,4 prosent.

Rentenettoen i tredje kvartal er 5,7 millionar kroner høgare enn tredje kvartal 2017. Årsaka til auken er i hovudsak grunna auke i volum. Netto andre driftsinntekter er 1,4 millionar kroner høgare enn same periode i fjor. Kundetilgangen er framleis god, dette bidreg til auka inntekter.

Bankens driftskostnader er 1,2 millionar kroner høgare enn tredje kvartal 2017. Bankens kostnadsprosent er 53,2 prosent, uendra frå 2. kvartal 2018.

Sal av aksjar i Tysnes Breiband AS og oppskrivning av aksjar i VIPPS AS, i samband med fusjonen til VBB AS, har ført til inntektsføring av 1,432 millionar kroner som gevinst på verdipapir. Det er netto tapsført 1,365 millionar kroner mot netto 0,093 millionar kroner per tredje kvartal 2017.

Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjør 2.390 millionar kroner. Det er overført 895 millionar kroner i bustadlån til Eika Boligkreditt AS (EBK). Sum forretningskapital er om lag 3,3 milliardar kroner.

Utlån

Samla utlånsvekst for banken dei siste 12 månader er på om lag 19 prosent, som er i tråd med bankens strategi. Fordelinga mellom utlån privat – og bedriftsmarknad er uendra sidan årsskiftet. Misleghaldne lån (90 dagar og eldre) før avsetningar er redusert med 0,8 prosent frå halvårsskiftet til 1,8 prosent per tredje kvartal 2018. Dei gruppevis nedskrivingane er auka med 0,5 millionar kroner i tredje kvartal grunna større utlånsvolum. Netto auken for individuelle nedskrivingar er 0,65 millionar kroner så langt i 2018.

Innskot

For å sikre framtidig vekst har banken stort fokus på å sikre god innskotsdekning framover. Innskotsveksten har vore på om lag 11 prosent siste 12 månader.

Innskotsdekninga er 75 prosent ved utgangen av tredje kvartal. Innskotsdekninga inkl. utlån via Eika Boligkreditt er på 52 prosent. Bankens minimumsmål er hhv. 70 prosent og 50 prosent.

Likviditet

Banken har god likviditet og har plassert likviditetsreservar i bank- og obligasjonsmarknaden. I tillegg har banken årleg rullerande kredittlinjer for daglege oppgjers-transaksjonar i DNB. I Noregs Bank og andre kredittinstitusjonar er det plassert til saman 131 millionar kroner ved utgangen av tredje kvartal. Overskotslikviditet vert forvalta av Eika Kapitalforvaltning AS til å byggje opp ein forsvarleg LCR – portefølje. Det er ved kvartalsskiftet plassert 117 millionar kroner i denne porteføljen, som er tilpassa ein lav risikotoleranse. Bankens LCR er 142 og er godt over gjeldande lovkrav på 100.

Finansiering og ansvarleg lånekapital

I tredje kvartal er det utstedt eit nytt obligasjonslån pålydande 50 millionar kroner. Totale låneforpliktelser for obligasjonsgjeld er 290 millionar kroner ved utgangen av tredje kvartal og totale lån via Kredittforeningen for Sparebanker er pålydande 215 millionar kroner.

For å betre kapitaldekninga har banken ein evigvarande fondsobligasjon pålydande 20 millionar kroner og eit ansvarleg lån pålydande 30 millionar kroner.


Soliditet


Banken tar marknadsandeler. Det er utført avgrensa revisjon per 30.09.2018 og bankens resultatandel i perioden, hensyntatt estimert utbytte utbetaling, er inkludert i bankens kapitaldekning per 3. kvartal 2018. Bankens reine kjernekapitaldekning, hensyntatt forholdsmessig konsolidering, er 15,03 prosent ved utgangen av tredje kvartal 2018. Tilsvarande utgjør kjernekapitaldekning og kapitaldekning 16,54 prosent og 18,74 prosent. Banken oppfyller gjeldande lovkrav.


Utsiktene framover


Den norske økonomien går godt og Noregs Bank har sett opp styringsrenta. Det er og gjeve klare signal på at renta kan verta auka fleire gonger i 2019. Dette dempar spesielt bustadmarknaden, og dermed etterspurnaden etter lån. Tysnes Sparebank sitt konsept som den lokale sparebanken har vi tru på framleis vil kunne ta ein større marknadsandel. Næringslivet i bankens hovudmarknadsområde er i god driv og med signal om auka etterspurnad etter arbeidskraft meiner vi det er eit godt grunnlag for at bankens positive utvikling skal halde fram.


Tysnes, 30. oktober 2018
I styret for Tysnes Sparebank



Bente Raknes
Styreleiar



Elisabeth Sandven
Styrets nestleiar


Vidar Høviskeland
Styremedlem


Tor Brattebø
Styremedlem


Ingvild A. Hustad
Styremedlem


Steffen S. Opdal
Styremedlem


Dag Sandstø
Banksjef

Resultatrekneskap og balanse (alle tall i 1.000 kroner)

Resultat	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Renteinntekter og lignende inntekter	57.507	48.136	65.833
Rentekostnader og lignende kostnader	20.410	16.761	23.099
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	37.097	31.376	42.734
Utbytte og andre inntekter av vp med var. avkast.	1.227	1.449	1.449
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	10.991	8.911	12.886
Provisjonskostnader og kostnader fra banktjenester	2.339	2.237	3.005
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og vp omløp	101	465	524
Andre driftsinntekter	-	-	7
Netto andre driftsinntekter	9.980	8.588	11.861
Personalkostnader	12.139	10.644	14.802
Administrasjonskostnader	7.612	7.487	10.365
Avskrivning	486	495	669
Andre driftskostnader	4.102	4.454	4.322
Sum driftskostnader	24.338	23.079	30.158
Resultat før tap	22.740	16.884	24.437
Tap på utlån, garantier m.v.	1.365	93	1.547
Kursgevinst anleggsaksjer	(1.432)	(2)	(2)
Resultat av ordinær drift før skatt	22.807	16.793	22.892
Skatt	5.125	3.854	5.286
Resultat av ordinær drift etter skatt	17.682	12.940	17.606
Eiendeler	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Kontanter og fordringer på sentralbanken	58.222	115.180	63.510
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	82.789	104.403	119.307
Utlån til og fordringer på kunder	2.076.459	1.743.057	1.836.738
Individuelle nedskrivninger	(5.460)	(4.010)	(4.810)
Gruppevise nedskrivninger	(7.000)	(6.000)	(6.500)
Netto utlån og fordringer på kunder	2.063.999	1.733.047	1.825.428
Sert., obl og andre rentebærende vp med fast avkast.	117.356	76.172	117.339
Aksjer, andeler og andre vp med variable avkastning	51.894	43.779	40.993
Eierinteresser i tilknyttede selskaper	3.436	3.436	6.222
Utsatt skattefordel	1.014	909	1.014
Varige driftsmidler	7.322	7.674	7.814
Andre eiendeler	32	24	87
Forsk. bet. ikke pål. kost. og opptj. ikke mottatte innt.	4.142	3.443	3.700
Sum eiendeler	2.390.207	2.088.068	2.185.415
Egenkapital og gjeld	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Gjeld til kredittinstitusjoner	220.026	200.000	220.026
Innskudd fra og gjeld til kunder	1.547.123	1.397.153	1.441.990
Gjeld stiftet v/utstedelse av verdipapirer	289.909	209.986	209.997
Annen gjeld	8.437	8.551	18.160
Påløpte kostnader og mottatte ikke opptjente innt.	14.979	11.408	3.340
Avsetninger for påløpte kostnader og forpliktelser	433	266	284
Ansvarlig lånekapital	50.000	50.000	50.000
Sum gjeld	2.130.907	1.877.363	1.943.797
Innskutt egenkapital	109.240	75.907	109.018
Sparebankens fond	132.171	121.651	132.171
Gavefond	205	205	205
Utjevningfond	1	1	1
Regnskapsperiodens resultat	17.682	12.940	-
Sum egenkapital	259.300	210.705	241.618
Sum gjeld og egenkapital	2.390.207	2.088.068	2.185.415
Poster utenom balansen			
Garantiansvar	30.093	17.916	23.256

Nøkkeltall (annualisert der annet ikke er spesifisert)

	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017
Resultat (isolerte kvartalsstall) - tall i MNOK					
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	13,0	12,3	11,7	11,3	11,4
Netto andre driftsinntekter	3,0	4,3	2,7	3,3	2,8
Sum driftskostnader	8,5	7,5	8,3	7,1	7,4
Resultat før tap	7,5	9,1	6,1	7,5	6,8
Tap på utlån, garantier m.v.	0,8	0,7	(0,1)	1,4	-
Gevinst/tap anleggsaksjer	(0,2)	(1,2)	-	-	-
Resultat av ordinær drift før skatt	6,9	9,6	6,2	6,1	6,8
Skatt	1,7	1,7	1,7	1,5	1,7
Resultat etter skatt	5,2	7,9	4,6	4,6	5,1
Balanse (utvalgte poster) - tall i MNOK					
Forvaltningskapital	2.390	2.323	2.194	2.185	2.088
Forvaltningskapital inkl. EBK	3.285	3.199	3.026	2.959	2.848
Brutto utlån (egen balanse)	2.076	1.997	1.902	1.837	1.743
Utlån EBK	895	876	832	774	760
Brutto utlån inkl. EBK	2.971	2.874	2.734	2.611	2.503
Innskudd	1.547	1.540	1.478	1.442	1.397
Sparebankens fond inkl. resultat hittil i år	150	145	137	133	135
Egenkapitalbeviskapital	109,0	109,0	109,0	109,0	75,9
Lønnsomhet					
Kostnader i % av inntekter justert for VP	53,2 %	53,2 %	57,4 %	57,3 %	60,7 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	5,5 %	0,8 %	5,5 %	10,2 %	22,5 %
Egenkapitalavkastning*	9,4 %	10,1 %	7,6 %	7,8 %	8,5 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	18,9 %	19,2 %	17,9 %	18,8 %	17,5 %
Innskuddsmargin hittil i år	-0,02 %	-0,03 %	-0,08 %	-0,01 %	0,03 %
Utlånsmargin hittil i år	2,83 %	2,84 %	2,89 %	2,89 %	2,85 %
Netto rentemargin hittil i år	2,19 %	2,18 %	2,18 %	2,18 %	2,20 %
* EK-avkastning etter beregnet skatt - Annualisert					
Innskudd og Utlån					
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	24,4 %	24,4 %	23,8 %	24,6 %	23,5 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	36,3 %	36,7 %	36,5 %	35,9 %	36,3 %
Utlånsvekst siste kvartal	4,0 %	5,0 %	3,6 %	5,4 %	1,9 %
Utlånsvekst inkl. EBK siste kvartal	3,4 %	5,1 %	4,7 %	4,3 %	1,6 %
Innskuddsdekning	74,5 %	77,1 %	77,7 %	78,5 %	80,2 %
Innskuddsdekning inkl. EBK	52,1 %	53,6 %	54,1 %	55,2 %	55,8 %
Soliditet					
Ren kjernekapitaldekning	16,21 %	15,94 %	17,22 %	17,62 %	15,61 %
Kjernekapitaldekning	17,69 %	17,46 %	18,82 %	19,01 %	17,14 %
Kapitaldekning	19,90 %	19,73 %	21,23 %	21,20 %	19,57 %
Beregningsgrunnlag	1.357.275	1.317.655	1.246.780	1.256.849	1.115.001
Uvektet kjernekapitalandel	9,88 %	9,68 %	10,45 %	10,71 %	9,13 %
Ren kjernekapitaldekning - forholdsmessig konsolidering*	15,03 %	14,80 %	15,79 %		
Kjernekapitaldekning - forholdsmessig konsolidering*	16,54 %	16,34 %	17,48 %		
Kapitaldekning - forholdsmessig konsolidering*	18,74 %	18,61 %	19,86 %		
Uvektet kjernekapitalandel - forholdsmessig konsolidering*	8,00 %	7,93 %	8,49 %		
* Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eierandel i samarbeidende grupper					
Likviditet					
LCR	142	172	124	136	149
Likviditetsindikator 1	98,28	102,77	104,53	104,43	109,4
Likviditetsindikator 2	109,76	111,28	109,38	112,62	114,1
NSFR	125	122	116	115	131
Egenkapitalbevis					
Resultat per egenkapitalbevis	7,35	5,17	1,90	7,32	6,60
Bokført egenkapital per egenkapitalbevis	107,77	105,60	102,32	100,42	107,51
P/B	1,10	1,07	1,10	1,15	1,04
Siste omsatte kurs	119	113	113	115	112

Noteopplysninger (alle tall i 1.000 kroner)

Tap på utlån

	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Periodens endring i individuelle nedskrivninger	650	-75	1.225
Periodens endring i gruppevis nedskrivninger	500	-	-
Periodens konstaterte tap som det tidl. er nedskrevet for	295	150	150
Periodens konstaterte tap som det tidl. ikke er nedskrevet for	82	37	191
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-162	-19	-19
Periodens tapskostnad	1.365	93	1.547

Misligholdte engasjement

	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Brutto misligholdte utlån	37.264	43.318	48.728
Individuelle nedskrivninger	-3.800	-2.300	-2.300
Netto misligholdte utlån	33.464	41.018	46.428

Andre tapsutsatte engasjement

	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Tapsutsatte engasjement (ikke misligholdt)	3.967	2.395	7.176
Individuelle nedskrivninger	-1.660	-1.625	-2.510
Netto tapsutsatte engasjement	2.307	770	4.666

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Landbruk	25.614	15.544	19.695
Industri	14.984	16.912	17.545
Bygg, anlegg	128.930	91.190	101.288
Varehandel	22.878	29.769	33.976
Transport	17.343	19.129	18.987
Eiendomsdrift etc	258.632	215.136	238.115
Annen næring	39.174	21.799	22.946
Sum næring	507.554	409.479	452.552
Personkunder	1.568.905	1.333.578	1.384.186
Brutto utlån	2.076.459	1.743.057	1.836.738
Individuelle nedskrivninger	-5.460	-4.010	-4.810
Gruppenedskrivninger	-7.000	-6.000	-6.500
Netto utlån til kunder	2.063.999	1.733.047	1.825.428
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	894.685	759.834	774.074
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	2.958.684	2.492.881	2.599.502

Kapitaldekning

	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Sparebankens fond	143.471	121.652	132.171
Gavefond	205	205	205
Innbetalt egenkapitalbevis	108.561	75.227	108.561
Overkursfond	457	680	457
Utjevningfond	1	1	1
Kompensasjonsfond	222	-	222
Sum egenkapital	252.917	197.766	241.618
Fradrag i ren kjernekapital	-32.849	-23.678	-20.170
Ren kjernekapital	220.068	174.088	221.448
Fondsobligasjoner	20.000	20.000	20.000
Fradrag i kjernekapital	-	-2.960	-2.521
Sum kjernekapital	240.068	191.128	238.926
Ansvarlig lånekapital	30.000	30.000	30.000
Fradrag i tilleggskapital	-	-2.960	-2.521
Sum tilleggskapital	30.000	27.040	27.479
Netto ansvarlig kapital	270.068	218.168	266.405
	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.2017
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Lokal regional myndighet	2.810	2.064	4.866
Institusjoner	146	20	21
Foretak	219.941	177.879	210.844
Pantsikkerhet eiendom	864.001	662.093	720.300
Forfalte engasjementer	56.798	44.988	60.602
Obligasjoner med fortrinnsrett	10.350	6.725	9.443
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	15.268	19.682	22.660
Egenkapitalposisjoner	34.086	27.797	33.157
Øvrige engasjementer	68.747	103.648	109.826
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.272.145	1.044.896	1.171.720
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	85.130	70.105	85.130
Beregningsgrunnlag	1.357.275	1.115.001	1.256.849
Kapitaldekning i %	19,90 %	19,57 %	21,20 %
Kjernekapitaldekning	17,69 %	17,14 %	19,01 %
Ren kjernekapitaldekning i %	16,21 %	15,61 %	17,62 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	9,88 %	9,13 %	10,71 %

RSM Norge AS

Strandavegen 11, 5705 Voss

Pb. 136, 5701 Voss

Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00

F +47 56 52 04 01

www.rsmnorge.no

Til styret i TYSNES SPAREBANK

Uttale om forenkla revisorkontroll av delårsrekneskap*Innleiing*

Me har utført ein forenkla revisorkontroll av vedlagte balanse for TYSNES SPAREBANK pr. 30. september 2018 og tilhøyrande resultatrekneskap for nimånadersperioden 1. januar til 30. september 2018, og av skildringa av rekneskapsprinsipp og andre notar. Styret og dagleg leiar er ansvarleg for utarbeiding av delårsrekneskapen og at den gir eit rettvisebilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg. Vår oppgåve er å gje ein uttale om delårsrekneskapen basert på vår forenkla revisorkontroll.

Omfanget av den forenkla revisorkontrollen

Me har utført vår forenkla revisorkontroll i samsvar med standard for forenkla revisorkontroll 2410 "Forenklet revisorkontroll av delårsregnskaper, utført av foretakets valgte revisor". Ein forenkla revisorkontroll av ein delårsrekneskap består i å retta førespurnader, primært til personar med ansvar for økonomi og rekneskap, og å gjennomføra analytiske og andre kontrollhandlingar. Ein forenkla revisorkontroll har betydeleg mindre omfang enn ein revisjon utført i samsvar med revisjonsstandardar fastsett av Den norske Revisorforening, og gjer oss følgeleg ikkje i stand til å oppnå sikkerheit om at me er blitt merksame på alle vesentlege tilhøve som kunne ha blitt avdekka i ein revisjon. Me utarbeider difor ikkje revisjonsmelding.

Konklusjon

Me har gjennom vår forenkla revisorkontroll ikkje blitt merksame på tilhøve som gir oss grunn til å meina at den vedlagte delårsrekneskapen ikkje gir eit rettvisebilete av banken si finansielle stilling pr. 30. september 2018 og for resultatet i nimånadersperioden 1. januar til 30. september 2018 i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

Voss, 30. oktober 2018

RSM Norge AS



Åse Steen – Olsen

Statsautorisert revisor

